

## Referat frå foreldremøte 4. trinn torsdag 31.august 2017

### Trygt skulemiljø

#### Felles informasjon for foreldre til elever på 4. og 5.trinn

*På heimesida til Bø skule ligg det ein link til Jærskulen og ein link der ein kan melde i frå om mobbing.*

Informasjon om det nye regelverket som trådte i kraft 1.august. Reglane gjeld i timar, friminutt, på skulevegen, leksehjelp, SFO, aktivitetar utanfor skulen sitt område i skulen og SFO sin regi. I utgangspunktet ikkje det som skjer i fritida. Skjer det noko t.d i Loen og dei tek det med seg på skulen, har me plikt til å gjere noko med det.

Eleven har ein individuell rett til eit trygt og godt skulemiljø.

Det er elevane si eiga subjektive oppleving av korleis dei har det på skulen som er avgjerande. Null-toleranse mot mobbing, vald og diskriminering.

Alle som arbeider på skulen har plikt til å følgje med, gripe inn og varsle. Skulen har plikt til å undersøke og sette inn eigna tiltak. Foreldre har lov å gå vidare til fylkesmannen dersom dei meiner skulen ikkje gjer sitt. Saken er ikkje avslutta før barnets subjektive mening er at han eller ho har det bra.

Dokumentasjonskrav; skriftleg plan når det vert sett inn tiltak. Med overordna dokumentasjon på kva som vert gjort for å oppfylle aktivitetsplikta.

Ta kontakt med kontaktlærer, meld i frå!

Dersom skulen oppdagar mobbing tek skulen kontakt med heimen før ein set i gang med ein plan.

Ina informerer om å forebygge og redusere mobbing. Viser til Bukowski and Abecassis sin modell. Viktig at dei vaksne er med og hjelper dei elevane som fort det utanfor sosialt. Dei vaksne må ta ansvar. Foreldre må også være med å vise gode holdninger og lære barna å tenkje kritisk og ta vare på andre. Me har ein stor påvirkningskraft. Tips er at dei vaksne følger med på mobilen og forsøker å få ein oversikt over kven borna leiker med og kven dei seier nei til.

Me dreg lasset i lag!

#### *Vidare på 4.trinn*

##### **1.Presentasjon**

June: Engelsk: I år skal me jobbe meir med å utvide elevane sin ordbank i engelsk. Elevane skal kunne uttale og skrive ord, og etter kvart setningar. Når det gjeld lesinga skal elevane kunne lese med meir flyt og litt innleving. Det er derfor viktig at me på skulen og dei heime jobber med engelskfaget. Me skal ha fokus på å øve gloser, lese leselekse (hugs å oversette til norsk), skrive setningar, kunne svare på spørsmål med heil setning både munnleg og skriftleg. Me skal bruke songar og leikar/spel for å øve inn nye ord og uttrykk.

Jane Elin: Matte: Dette året skal me automatisere multiplikasjonstabellen. Me held fokus på reknestatregiar og tekstoppgåver, då dette er fokus på nasjonale kartleggingsprøver i matematikk 5.trinn. Samfunn og K&H mm

Ina: Norsk: Me arbeider for å auke leseforståing og hastighet. De heime kan hjelpe eleven ved å lytte og evt stille spørsmål når eleven gjenfortel det han/ ho har lese i lekse. Dersom eleven kan gjenfortelje er teksten forstått. Elles må det lesast ein gong til. Dersom leksene er for lange og

vanskelege må vi tilpasse. Ta gjerne kontakt om de gjer dykk tankar og erfaringar omkring dette. Ina har og KRLE mm på trinnet.

Andre vaksne på trinnet er Kristian (symjing), Kris (gym), vikar Preben Nord-Varhaug (naturfag).

## **2.Trygt skulemiljø hjå oss på 4.trinn**

Me arbeider mykje med dette no i oppstart, men kjem til å halde det varmt gjennom heile året. Standardane, faget Mitt Val, vennegrupper, leikegrupper mm. Me har hatt vennegrupper i tre år. Dei lærer å respektere andre. Gildt å komme heim til andre og leike med dei. Me har også leikegrupper på skulen, to gonger i veka. Det er fint å leike med andre. Me dreg lasset i lag. Me har laga klasseregler og me har standardane som gjeld for heile Bø skule. Faget Mitt Valg er timeplanfesta. Det er eit fag kor eleven byggjer opp sosial kompetanse og lærer å ta gode val og setje grenser. Gildt og viktig fag. Me har mykje fokus på det sosiale. Me er eit trinn. Elevane er i mange ulike grupperinger i løpet av ei veke, dei får jobbe og leike saman med mange. Me set opp vennegrupper på tvers av tredelingsgruppene i år, for at dei skal "utvide" og bli betre kjende på trinnet.

## **3.Kontakt heim-skule**

Mobil til 4.trinn, låg terskel. Send melding ang fråvær til trinnmobilen. Ikkje bruk Visma, det er tungvint. Det vart bestemt å opprette ei gruppe for foreldre/ vaksne på trinnet på Facebook. Ein informasjonskanal. Bruk Nettvett.

## **4.FAU og klassekontakter**

Dei som er klassekontakt finn vara. Hege Søyland er i FAU eit år til, Marie Lie Harbo er vara. I 5.trinn må ein velje på nytt.

## **5.Vitengarden**

Fleire som kunne tenkje seg å vere med oss? Sei i frå! Me legg ut info to og to gonger på FB gruppa som vert oppretta.

Me avslutta med drøfting av ulike caser i grupper (godt drøfs!) og oppsummering.

Bø skule 7.9.17,

June, Jane Elin og Ina, kontaktlærarar på 4. trinn